

Prosjekt - Kommunalt næringsutviklingsarbeid

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesdirektøren rår Hovudutval for plan og næring til å gjere slikt vedtak:

Hovudutval for plan og næring vedtek å setje i gang eit forprosjekt om kommunalt næringsutviklingsarbeid i samsvar med prosjektplan. Hovudutvalet vil seinare ta stilling til eit evt hovudprosjekt, og reserverer førebels kr 300 000 i 2006 med tanke på eit evt hovudprosjekt. Løyving skjer først når det vert vedteke å setje i gang eit hovudprosjekt, finansiert gjennom avsette midlar til kommunale næringsfond.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Prenta vedlegg:

Prosjektplan utarbeida av regionalavdelinga datert januar 2006

Saksframstilling

1. BAKGRUNN

Prosjektplanen er utvikla etter eit møte mellom arbeidsutvalet i Tiltaksforum (eit forum for næringsmedarbeidarar i kommunane i Sogn og Fjordane) og Regionalavdelinga. Bakgrunnen for møtet var todelt:

- Aktiviteten i det fylkesdekkande forumet for komunalt næringsutviklingsarbeid har vore liten dei siste åra. Samstundes har nye næringsmedarbeidarar etterspurt ein felles arena i fylket
- Regjeringa har auka kommunale næringsfond. Spørsmålet om kommunal næringsutviklingskompetanse vert dermed aktualisert

Konklusjonen var at tida er mogen for å gjennomføre ein gjennomgang av kommunalt næringsutviklingsarbeid med eit siktemål kompetanseutvikling, å dra lærdom av røynslene så langt og å setje søkelys på kommunesamarbeid / samspelet kommune – fylkesnivået.

Prosjektet er forankra i fylkeskommunen gjennom budsjettet for 2006, kapittel 3.4 der det framgår at:

”Budsjettet legg opp til ei sterk satsing på kommunale næringsfond. Innovasjon Norge og fylkeskommunen må ta eit ansvar for å hjelpe og rettleie kommunane i disponeringa av dei kommunale næringsfonda. Det må vurderast eit engasjement for rettleiing og profesjonalisering av midlane”.

2. VIDARE ARBEID, VURDERING OG KONSEKVEN SAR

Plan for forprosjektet ligg ved saksutgreiinga. Planen er drøfta med AU i Tiltaksforum og med Innovasjon Norge.

I følge prosjektplanen samarbeider fylkeskommunen, Innovasjon Norge, HNU, SNU om å lage notat som skal danne grunnlag for planlegging av eit hovudprosjekt. Onsdag 8/2 er det planlagt eit møte med kommunane der om lag 4 timar er sett av til å arbeide med forprosjektet for å avdekke kva arbeidsoppgåver som bør ha fokus i eit utviklingsprosjekt.

Forprosjektet er tenkt gjennomført utan løyving av prosjektmidlar. Forprosjektet har som føremål å avklare om eit hovudprosjekt skal setjast i gang og i tilfelle kva fagleg fokus hovudprosjektet skal ha (prosjektplanlegging).

Eit hovudprosjekt kan tidlegast setjast i gang sommaren 2006. Dette arbeidet vil – om det vert sett i gang – krevje økonomiske midlar til gjennomføring. Hovudutvalet bør inntil vidare reservere kr 300.000 til gjennomføring av eit hovudprosjekt. Løyving skjer først når det vert vedteke å setje i gang eit hovudprosjekt.

3. KONKLUSJON/TILRÅDING

Fylkesdirektøren rår til at forprosjektet vert sett i gang og at hovudutvalet reserverer kr 300.000 av midlane til kommunale næringsfond som 2006-løyving til gjennomføring av eit mogeleg hovudprosjekt.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)